

# Forskrift om utvida karantenepåbod for fastbuande og forbod mot innreise for personar som bur utanfor regionen

**Heimel:** Fastsatt av kommunestyret i Seljord kommune 2.april 2020 med heimel i smittevernslova frå 5. august 1994 nr. 55 § 4-1 første ledd bokstav c) og d), og i samsvar med rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet frå 29.03.2020 «Veileder til kommunene om lokale karantenereregler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med utbruddet av Covid-19».

Denne forskriften avløser Seljord kommunes forskrift av 26.03.20 – Forskrift om utvida karantenepåbod for fastbuande og forbod mot innreise for personar som bur utanfor regionen, Seljord kommune, Vestfold og Telemark

## § 1 Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å beskytte eit sårbart helsevesen slik at nødvendig helse- og omsorgstenester i Seljord kommune blir oppretthalde. Føremålet er også å stoppe spreining av Covid-19 og beskytte sårbare grupper. Med tilvising til nasjonale tiltak og til Folkehelseinstituttets råd har kommunen vedtatt denne lokale forskrifta.

## § 2 Forskrifta omfattar fylgjande område

Alle fylke og kommunar i Noreg, med unntak av Seljord, Kviteseid, Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Midt-Telemark (gamle Sauherad og Bø kommunar), Nome, Hjartdal, Notodden og Tinn.

## § 3 Utvida karantene påbod for fastbuande i Seljord kommune

Alle fastbuande som har vore utanfor Seljord kommune skal i heimekarantene i 14 dagar etter tilbakekomst til kommunen, med unntak av reise til dei kommunane som er nemnt med namn i § 2. Dette gjeld også arbeidspendlarar som pendlar ut frå kommunen.

Husstandsmedlemer er ikkje omfatta av forskrifta. Det er ikkje utreiseforbod om ein er pålagt heimekarantene, men ein ny karanteneperiode vil starte opp ved ny innkomst til kommunen.

## § 4 Innreiseforbod

Alle som har sin bustad utanfor Seljord kommune har forbod mot å reise inn til Seljord kommune, med unntak for dei kommunane som er nemnt med namn i § 2. Dette gjeld også arbeidstakarar som pendlar inn til arbeidsplassar i Seljord kommune så sant ein ikkje utfører samfunnskritiske oppgåver eller fell inn under eit av dei andre unntaka i § 8 nedanfor.

## § 5 Forbod mot å opphalde seg på fritidseigedom utanfor eige bustadkommune

Det er ikkje høve for personar busett utanfor Seljord kommune å opphalde seg på fritidseigedom i kommunen, jf. forskrift om karantene, isolasjon og forbod mot opphald på fritidseigedomar mv. i anledning utbrudd av Covid-19, § 5. Det einaste unntaket er «*strengt nødvendig vedlikehold eller tilsyn som er nødvendig for å avverge store materielle skader*». Andre dispensasjonar blir ikkje gjeve.

## **§ 6 Isolasjon**

For personar som utviklar sjukdom eller symptom i karanteneperioden, gjeld dei føringane som til ei kvar tid kjem frå myndigheitene for omgjerung av karantene til isolasjon.

## **§ 7 Reisande**

Alle reisande som ikkje har symptom kan reise til planlagt opphaldsstad, men bør under reisa så langt det let seg gjere halde avstand til andre. Alle reisande med symptom skal straks i isolasjon, og kan ikkje bruke offentleg transport.

## **§ 8 Unntak frå denne lokale forskrifts innreiseforbod og karantenekrav:**

- Leiing av verksemdar som er lista etter DSB sin definisjon av samfunnskritiske funksjonar vert gjeve adgang til å gjere unntak for eige nøkkelpersonell når dette er strengt nødvendig for å oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar.
- Vare- og passasjertransport. Dette omfattar òg personell som er naudsynt for å gjennomføre transporten. Dette er definert som samfunnskritisk personell, jfr. DSB.
- Medisinsk nødvendig besøk til helseverksemdar er ikkje omfatta av karantene reglane. Det gjeld både pasient og sjåfør.
- Besøk til alvorleg sjuke familiemedlemmar og deltaking i gravferd.
- Barn med foreldre som bur på ulik adresse kan reise fritt mellom bustadene.
- Tilsette i barnevernstenesta og bruk av barnevernstenesta.
- Leiing av lokal næringsverksemd i kommunen kan melde frå til kommunen dersom dei treng unntak frå innreiseforbodet for arbeidstakarar når dette er nødvendig for normal drift. Dei sender då melding og ein plan for smittevern til kommunen v/rådmann. Når melding er sendt kan dei legge til grunn at dei har fått dispensasjon frå forskrifta med mindre kommunen melder attende det motsette. Meldinga er i hovudsak for at kommunen skal ha eit oversyn over omfang av bruk av unntaket.
- Leiing av næringsverksemdar som ligg utanfor kommunen kan søke kommunen dersom dei treng unntak frå innreiseforbodet for arbeidstakarar når dette er nødvendig for normal drift. Dei sender søknad med ein plan for smittevern til kommunen v/rådmann.
- Gjennomreise utan opphald i kommunen. Ved slik gjennomreise kan ein gjere opphald for grunnleggjande behov som inntak av mat, bruk av toalett eller fylling av drivstoff/lading av el-bil.
- Viktige tiltak for å halde i gang produksjon i verksemdar som vedlikehald og reparasjon.

Nasjonale føringar for karantene og isolasjon ved sjukdom gjeld.

## **§ 9 Klageadgang**

Fylkesmannen avgjer klage over kommunalt eller interkommunalt vedtak såframt ikkje noko anna er bestemt i lova.

## § 10 Økonomisk ansvar

Seljord kommune tek ikkje på seg økonomisk ansvar som følge av pålagte tiltak.

## § 11 Iverksetting og varigheit

Denne forskrifta gjeld frå torsdag 2.april 2020 kl. 1900 og gjeld i 7 dagar til 8.april 2020.

## Øvrig informasjon

### Rettsleg grunnlag:

Hovudregelen er at kommunestyret skal handsame sakar etter smittevernlova § 4-1. Kommuneoverlege kan avgjere sakar etter smittevernlova § 4-1 dersom det er hast. Fornyng av forskrift er ikkje å ansjå som hast, og då er det Kommunestyret som skal gjere vedtak.

Denne forskriften avløser Forskrift av 26.03.20 – Forskrift om utvida karantenepåbod for fastbuande og forbod mot innreise for personar som bur utanfor regionen, Seljord kommune, Vestfold og Telemark

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 går fram av smittevernlova § 1-5:

*"Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.*

*Tvangstiltak kan ikkje brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep."*

Det blir også vist til Helse- og omsorgsdepartementet sin forskrift frå 13.03.20 «Forskrift om karantene mv. etter reiser utanfor Norden», og forskrift frå Helse- og omsorgsdepartementet frå 15.03.2020 «Forskrift om karantene, isloasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19».

### Grunngjeving:

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Sjukdomen er òg erklært som ein pandemi og ei alvorlig hending av tyding for internasjonal folkehelse av WHO.

Helsedirektoratet vedtok 12.03.20 omfattande tiltak for å hindre spreiding av Covid-19 og for å bidra til å halde i hevd naudsynte helse- og omsorgstenester. Her vert det mellom anna sagt:

*"Helsedirektoratet ønsker at innanlands transport skal gå mest mulig som normalt, men vi oppfordrar sterkt alle til å unngå fritidsreiser. Vi oppfordrar til å unngå reiser som ikkje er strengt nødvendig (både innanlands og utanlands), unngå offentlig transport viss du kan, unngå andre steder kor du lett kommer nær andre, unngå nærkontakt med andre."*

Covid-19 epidemien har i dag ulikt omfang i Noreg. Folkehelseinstituttet har uttalt at epidemien no har gått over i ei ny fase der ein ikkje har klart å identifisere smittekjeda for alle som vert sjuke. Dette inneber at ikkje alle nye smittetilfelle lenger let seg spore til utlandet.

I vår region er smittepresset framleis lågt, og alle kjente smittetilfelle kan sporast. Vår kommune er kanskje i ein annan fase av pandemien enn andre delar av Noreg. Kommuneoverlegen ser det som avgjerande å redusere smittepresset frå utanfor regionen. Regionen er prega av små lokalsamfunn og lange avstandar, og kritiske samfunnsfunksjonar vil vere ekstra utsett her ved ein omfattande epidemi. Kommunane generelt og helse- og omsorgstenesta spesielt har avgrensa kapasitet.

Kommuneoverlegen ser denne forskrifta som ei naturleg følgje av Folkehelseinstituttet sine tilrådingar, og Helsedirektoratet sitt nasjonale vedtak.

I den noverande situasjonen er det naudsynt å førebyggje og motverke spreiding av covid-19 og det er avgjerande å få satt i verk tiltak raskt. Tiltaket vert vurdert som naudsynt både for å beskytte sårbare grupper og for å halde i hevd naudsynt kapasitet i helsetenesta.

Forbodet gjeld for dei nemnde kommunane ovanfor med mindre anna særskilt vert bestemt. Kommuneoverlegen vurderer at smitteverntiltaket har ei medisinskfagleg grunngeving, er naudsynt av omsyn til smittevernet og for å halde i hevd tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunen og i helse- og omsorgstenesta. Slik det ligg ann no har Seljord smittevernutstyr for drift i ca ei veke, med dagens situasjon utan påvist smitte i kommunen. Tiltaket vert difor vurdert som forholdsmessig og tenleg utifrå ei heilskapsvurdering. Det er teke inn unntak i samsvar med nasjonal rettleiar for å ivareta at reglane er forholdsmessige.

Etter kommuneoverlegen si vurdering vil den samfunnsmessige nytta ved smitteverntiltaket overstige den belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.